



**Løyve etter ureiningslova for handtering av avfall på Haugen i Eid
kommune
for
Myrø Invest as**

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova) § 11, jf. § 16, § 29 og § 11-6 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 4.8.2017, og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Verksemddata

Ansvarleg verksemd, anlegg	Myrø Invest as		
Adresse, poststad	Haugen industriområde, 6770 Nordfjordeid		
Kommune og fylke	Eid i Sogn og Fjordane		
Gards- og bruksnr.	38/73 og 101	UTM midtpunkt	336597 6869640
Org. nummer (verksemd)	915 582 192	Org.nr. (eig av)	915 574 939
NACE-kode	38.21 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall 38.22 Behandling og disponering av farleg avfall		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Aktivitet	Løyvenummer
17/2961	1443.0054.01 (ordinært avfall) 1443.0054.02 (farleg avfall)	Ordinært avfall Farleg avfall	2017.0810.T

Løyve gitt: 1.11.2017	Endringsnummer: -	Denne endringa: -
Eline Orheim ass. fylkesmiljøvernssjef	Gøsta Hagenlund sjefingeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

Innhald

0. Føresetnader	3
1. Handtering og rammer	3
2. Generelle vilkår	4
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som råd	4
2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø	4
2.3. Tiltakspunkt ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	4
2.4. Nærmiljø	5
3. Handtering av avfall	5
3.1. Bemanning og kompetanse	5
3.2. Mottak og journalføring	6
3.3. Informasjon til kundar	6
3.4. Ordinært avfall	6
3.5. Farleg avfall	7
4. Utslepp til vatn	8
5. Utslepp til luft	8
6. Støy	9
6.1. Utsleppsgrenser	9
6.2. Dokumentasjon på støynivå	9
7. Beredskap mot akutt ureining o.l.	9
8. Rapportering og informasjon	10
9. Økonomiske forhold	10
9.1. Finansiell sikring	10
9.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall	10
10. Større endringar	11
10.1. Utsifting av utstyr	11
10.2. Eigarskifte	11
10.3. Nedlegging eller lengre driftsstans	11
VEDLEGG 1 - Definisjonar	12
VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport	14

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå den datoen Fylkesmannen kunngjer løyvet.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilråa er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilråa står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ønsker å gjennomføre endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for ureining frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Fylkesmannen for å avklare behovet og eventuelt sakshandsamingsprosess for slik endring.

Ombruk av material/stoff på staden eller innsamling av avfall er ikkje omfatta av dette løyvet.

1. Handtering og rammer

Løyvet gjeld ureining og ulempe som følgje av handtering av ordinært avfall og visse typar farleg avfall. Årleg mengd er avgrensa til:

	Ordinært avfall	Farleg avfall	EE-avfall
Årleg mengd innvegd avfall*	2 000 tonn	250 tonn	500 tonn
Maksimalt mellomagra avfall på anlegget	500 tonn 20 m ³	25 tonn 20 m ³	50 tonn

* Grensa kan reknast som eit gjennomsnitt over dei siste 3 kalenderår.

Løyvet omfattar også handtering av avfall frå hushald etter skriftleg avtale med vedkomande kommune.

Handteringa av ordinært avfall gjeld sluttbehandling og gjenvinning eller førebuing til slik handtering som omfattar: mottak, sortering, omemballering, lagring, omlasting og transport til godkjent mottakar. Handteringa omfattar ikkje anna behandling (til dømes kverning, biologisk eller termisk). Sluttdisponering (deponering, brenning m.m.) på staden kan ikkje finne stad.

Handteringa av farleg avfall gjeld sluttbehandling og gjenvinning ved mottak, sortering, omemballering, lagring inkludert samlagring, omlasting og transport til godkjent mottakar. Handteringa omfattar ikkje anna behandling av farleg avfall (m.a. fortynning, kverning, biologisk eller termisk).

Vilkåra gjeld også for handtering av produkt/råstoff som har opphøyrd å vere avfall etter kriteria i kapittel 18A i avfallsforskrifta, så langt det kan verke skjemma eller vere ein fare for ureining.

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda - som til dømes utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.2. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse¹ av aktivitetane sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjons- eller utsleppsforhold skal analysen oppdaterast. Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemda sin internkontroll² for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risiko-vurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppfølginga av oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid støtter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og dei relevante forskriftene til desse lovene.

For uønskete hendingar skal verksemda ha eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan gje negativ effekt på miljøet ved utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.3. Tiltakspflicht ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, skjemmaende aktivitetar eller liknande miljøulemper, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

¹ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

² Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

Verksemda skal straks informere³ Fylkesmannen og nabolag

- når utsleppsmåling viser verdi over tillate utslepp,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at lukt, støy eller nedfall av støv i omgjevnadane er høgare enn normalt,
- når mottak av avfall viser seg å kunne gje uføresette utfordringar,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda ha eit dokumentert system for registrering, eiga oppfølging og kommunikasjon med nabolag. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning.

2.4. Nærmiljø

Verksemda skal sikre at ureining og annan ulempe for nærområda vert reduserte til eit minimum. Plikta omfattar mellom anna å arbeide for å redusere utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande plantar og innsyn.

Det skal utarbeidast program for å hindre skadedyr eller etablering av framande, skadelege artar. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH skal ikkje finnast på verksemdområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Skjemmande avfall skal sikrast mot innsyn. Anlegget skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Ved inngongsparti skal det vere tydeleg skilt som opplyser om reglar for avfallslevering.

Flygeavfall skal ikkje finnast utanfor anlegget. Fast dekke må reingjerast jamleg.

3. Handtering av avfall

3.1. Bemanning og kompetanse

Bemanninga ved anlegget skal vere tilstrekkeleg til at avfall vert forsvarleg teke hand om, til vanleg minst to personar. Verksemda skal mellom anna sikre at feil ved registrering, merking, sortering og lagring vert unngått eller retta opp. Dersom tilgang på kundar er større enn det dei tilsette kan handtere forsvarleg, må bemanninga aukast.

Tilsette som handterer farleg avfall skal gjennomføre særskild opplæring av anerkjend nasjonalt kompetansemiljø, eller etter Fylkesmannen sine nærare krav. Alle aktuelle personar skal halde seg oppdatert om gjeldande reglar og normer om stoff/avfall som kan takast i mot på anlegget, og verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen skal haldast vedlike og aukast.

³ Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

3.2. Mottak og journalføring

Løyvehavar skal ta imot alt hushaldningsavfall, næringsavfall, spesialavfall inkludert farleg avfall som vert levert frå avfallsprodusentar i eigarkommunane, og som er lovleg å ta imot i samsvar med avgrensingane i dette løyvet. Løyvehavar kan tilby slike tenester til ein kvar.

Kvar levering frå næringskunde skal så langt råd journalførast med eige løpenummer (lagernummer). All registrering må skilje tydeleg mellom avfall frå næring og avfall frå hushaldning.

Journal skal minst vere utfylt med: Dato for mottak, avfallsprodusent, lagerplass/tank, mengd avfall, samt tal kolli/volum der det er relevant.

For farleg avfall må verksemda i tillegg registrere: Avfallstoffnummer i samsvar med NS 9431⁴, EAL-nummer⁵ deklarasjonsnummer, og ved samdeklarering - overført samdeklarasjonsnummer.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over mengd og type avfall som er motteke, kor lenge avfallet er lagra, dato når avfall forlét anlegget og namn på godkjent mottakar. Journalen må vidare skilje mellom ulikt avfall i samsvar med inndelinga i vilkår 1. Nødvendige opplysningar om avfallet skal vere lett tilgjengelege ved kontroll. Tilsvarande opplysningar skal førast så langt det passar for stoff/materiale som etter gjenvinning har opphøyrd å vere avfall (jf. m.a. kap. 18 A i avfallsforskrifta).

Journalane skal oppbevarast i minst 3 år. Journaldata skal vere sikra med kopi lagra annan stad for å unngå tap ved uføresett hending. Orientering om mengd, type og plassering av brannfarleg avfall skal vere tilgjengeleg i brannsikker avstand frå lagerplass.

3.3. Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon om korleis avfall kan takast i mot ved anlegget. Det skal leggast særskilt vekt på informasjon som kan føre til auka innsamling av farleg avfall, EE-avfall og andre prioriterte avfallstypar. Mellom anna må det gjevast særskilt informasjon til abonnentar og næringskundar som har bygg-, anleggs- eller rivingsavfall. Informasjonsomfanget skal også bidra til å sikre best moglege sorteringsordningar hos kundane.

3.4. Ordinært avfall

Verksemda må tilby føremålstenlege sorteringssystem til kundane. Motteke avfall skal gjenvinnast der det er mogleg, med mindre det ikkje er rett ut frå avveging av miljøomsyn, ressursomsyn og økonomi. Gjenvinning skal skje ved ombruk eller materialgjenvinning – eller førebuing til slik handtering, framfor andre val. Avfall som vert teke imot må lagrast så kort tid og på ein slik måte at verdien for ombruk, materialgjenvinning eller energiutnytting ikkje vert forringa.

Berre fråsortert restavfall som ikkje er biologisk nedbrytbart eller som ikkje kan gjenbrukast, materialgjenvinnast eller energiutnyttast, kan leverast til godkjent sluttdisponering.

⁴ Norsk Standard med 4-sifra avfallskode (avfallstoffnummer)

⁵ EAL: Europeisk avfallsliste, kode med 6 siffer, tatt inn i avfallsforskrifta.

Blanda avfall skal sorterast så snart som råd og seinast innan ei arbeidsveke. Fråsortert, ordinært avfall kan lagrast ved anlegget i inntil 12 månader dersom det ikkje medfører lukt eller avrenning, verkar skjemma eller materialverdien vert forringa. Fylkesmannen kan etter særskild vurdering, samtykke i lagringstid inntil 36 månader for spesifiserte avfallsmengder og –typar.

3.5. Farleg avfall

Farleg avfall skal handterast i samsvar med krav i vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta. I tillegg gjeld presiseringane i vilkår 3.5.1 – 3.5.6:

3.5.1 Generelt om mottak av farleg avfall

Verksemda skal vere registrert som aktør i det gjeldande farleg avfall - systemet⁶ før farleg avfall kan takast imot. Verksemda pliktar å ta imot alle farlege avfallstypar som er omfatta av kap. 11 i avfallsforskrifta.

Området for handtering av farleg avfall skal vere fysisk skild frå annan aktivitet ved verksemda. Dersom mottak eller vidarelevering består av blanda farleg avfall og ordinært avfall – og som ikkje praktisk kan skiljast forsvarleg, skal alt avfallet handterast som farleg avfall.

3.5.2 Mottak av farleg avfall frå næring

Ved mottak av farleg avfall frå næring skal løyvehavaren sjå til – eller hjelpe til med, at avfallet er deklarerert⁷. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Løyvehavar må etter førespurnad frå Fylkesmannen melde frå om verksemdar som ikkje deklarerer korrekt.

3.5.3 Mottak av farleg avfall frå hushaldning

Ved mottak av farleg avfall frå hushaldning er kommunen ansvarleg for deklarasjon. Kommunen og løyvehavar må avtale kven som rapporterer og har oversikt over farleg avfall frå hushaldningar. Verksemda kan ikkje krevje vederlag for motteke avfall frå hushaldning, så fremt årleg mengd frå den enkelte avfallshavar er mindre enn oppgitt mengd i § 11-10 og § 14-3 i avfallsforskrifta.

3.5.4 Lagring av farleg avfall

Lagring av farleg avfall skal skje i samsvar med minimumskrava i avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 1, med følgjande tillegg/presiseringar:

- Farleg avfall skal ikkje blandast med ordinært avfall.
- Blanding av ulike typar farleg avfall som ikkje kan samdeklarerast, er ikkje tillate.
- Fortynning av motteke farleg avfall for å unngå farleg avfall - klassifisering er ikkje tillate.
- Emballasjen skal vere varig merkt med avfallsstoffnummer, avfallstype og løpenummer til det elektroniske deklarasjonsskjemaet.
- Oppsamlings- og absorberande utstyr skal i mengd og storleik vere tilpassa avfallstype og maksimal lagringsmengd.

⁶ Registrering på www.avfallsdeklarasjon.no og avtale direkte eller via NOMIL med NORSAS

⁷ Anlegget kan også avtale å deklarasjon avfallet for leverandør

- Verksemda skal ha kart over lager av avfallet der det går fram kor dei forskjellige typane avfall er lagra.

3.5.5. Lagring av farleg avfall og farlege kjemikal i tank

For tanklagring over bakkenivå av farleg kjemikal eller farleg avfall, og der kapasiteten er større enn grenseverdiane i § 18-2 i ureiningsforskrifta, må verksemda tilfredsstillе krava i kap. 18 i ureiningsforskrifta⁸.

Tankar som er mindre enn kapasiteten som er omtalt i kap. 18 og som vert nytta til lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall, og tankar til andre kjemikal eller flytande avfall skal sikrast og haldast vedlike i samsvar med skriftleg rutine som skal byggje på akseptkriteria etter risikovurdering.

3.5.6. Vidarelevering av farleg avfall

Før avfallet vert levert vidare til, eller henta av godkjent mottakar, skal løyveharar sikre at emballasje er:

- rein og uskadd og eigna for lagring og transport av det aktuelle avfallet,
- merkt med deklarasjonsskjemaet sitt løpenummer påført med vérbestandig merking,
- merkt med avfallstoffnummer (eller annan tilsvarande eintydige opplysning om avfallstype) påført med vérbestandig merking,
- merkt i samsvar med regelverket om transport av farleg gods.
- Deklarasjonsskjema skal følgje med alt farleg avfall som forlet anlegget.

Maksimal lagringstid for motteke farleg avfall må følgje avgrensinga i avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 2. Dersom avfallet ikkje er lagringsstabil, skal lagringstida reduserast.

4. Utslepp til vatn

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som er tillate i dette løyvet. Avfall skal til vanleg berre handterast på fast dekke med kontrollert fall mot oppsamlingspunkt.

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet. Vatn som kan innehalde olje skal leiast via oljeutskiljar.

5. Utslepp til luft

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til luft som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som er nødvendig og tillate i dette løyvet.

Frekvensen av gjenkjennbar plagsom lukt ved næraste eller mest utsette fasade (sjå omtale i vilkår 6.1) skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad (frekvens/hypigheit). Alle aktivitetar som kan føre til utslepp av lukt må skje mest mogleg innelukka. Lasting, lossing,

⁸ Kap. 18: Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall

lagring av råvarer/ferdig produkt og eventuell ventilasjon frå produksjonsområde, må skje på ein slik måte at minst mogleg luft slepp ureinsa ut.

Effektive tiltak skal gjennomførast for å hindre støvutslepp frå drift, transport og lagring.

6. Støy

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Oversikta skal omfatte både støy frå eigen aktivitet, og støy frå eventuell annan aktivitet som er nødvendig for verksemda.

Jamvel om verksemda held seg innanfor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av beste tilgjengelege teknikkar.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy for kvart driftsdøgn ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade 2 m over bakkenivå:

Dag (0700 – 1900)	Kveld (1900 – 2300)	Natt * (2300 – 0700)	Sun- og heilagdag (0700 – 2300)	Natt (2300 – 0700)
55 dB (A) $L_{pAekv12h}$	50 dB (A) $L_{pAekv4h}$	Ikkje aktivitet	Ikkje aktivitet	Ikkje aktivitet

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at dette løyvet tok til å gjelde.

6.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy jamleg over sette grenseverdier. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa dersom de får nærare krav frå Fylkesmannen.

7. Beredskap mot akutt ureining o.l.

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmaende forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å

fjerne og avgrense omfanget av skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvst minst ein gong pr. år.

8. Rapportering og informasjon

Verksemda skal årleg innan utgangen av mars informere Fylkesmannen om drift og produksjon førre år som kan ha hatt noko å seie for det ytre miljøet. Innhaldet i omtalen er nærare omtalt i vedlegg 2. Rapporten må også innehalde ei vurdering av resultatata og behov for tiltak.

Verksemda skal i samband med rapportering av avfalls- og utsleppsdata til Fylkesmannen oppgje og kommentere usikkerheita i datamaterialet.

Kopi av løyvedokumenta skal vere lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemda og for alle som har kontakt med verksemda. Løyvedokumenta skal vere publisert på verksemda si heimeside og kopi skal kunne leverast einkvar på førespurnad.

9. Økonomiske forhold

9.1. Finansiell sikring

Verksemda skal stille finansiell sikring for kostnadar med å ta hand om alt farleg avfall dersom verksemda legg ned sin aktivitet, stansar drifta eller får betalingsproblem. Utan ein godkjent finansiell sikring kan anlegget ikkje ta imot farleg avfall, dersom ikkje Fylkesmannen særskilt har godkjent mellombels utsetjing av kravet.

Dersom driftsansvarleg firma vert overdrege, fisjonerer / fusjonerer, får nye eigarar med avgjerande rett til vedtak, eller på annan måte omdannar eller overfører den ureinande verksemda til nytt ansvarleg firma, skal dette vere meldt til Fylkesmannen på førehand. Nytt driftsansvarleg firma kan ikkje drive etter utsleppsløyvet før Fylkesmannen har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg firma er ansvarleg etter dette løyvet fram til nytt driftsansvarleg firma har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Fylkesmannen.

Så snart som mogleg etter at løyvet er motteke, skal verksemda sende skriftleg melding til Fylkesmannen om korleis ein stiller sikring. Før Fylkesmannen har godkjent sikringa av den aktuelle summen, kan verksemda ikkje ta imot farleg avfall ved anlegget.

9.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall

Lagra farleg avfall skal takast med i verksemda sitt årlege rekneskap i samsvar med rekneskapslova slik at dei framtidige kostnadane ved vidaresending og behandling av dette avfallet kjem fram i rekneskapen.

10. Større endringar

10.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

10.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

10.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar lenger enn ein 1 måned, skal den ansvarlege melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget/a, eigar av anlegg eller arealet eller brukar av anlegget. Fylkesmannen vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må dei avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon på disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande.

⁹ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Definisjonar

L_{pAeqT} er eit mål på det gjennomsnittlege (energimidla) nivået for varierende lyd over ein bestemt tidsperiode T, til dømes 8, 12 eller 24 timar. Ekvivalentnivået gir dermed eit nivå på den gjennomsnittlege lydenergien ein har vore utsett for i den utrekna tida. Ei dobling av lydenergien svarar til ei auke i lydstyrken på 3 dB. Det vil seie at ei slik auke vil medføre at påverknadstida må halverast dersom ekvivalentnivået skal vere det same.

Definisjonar av avfall står i §§ 27 og 27a i ureiningslova. Nærare forklaring av avfall som kan deponerast og kva som er farleg avfall er omtalt i §§ 9-3 og 11-3 i avfallsforskrifta. Nokre sentrale definisjonar er omtalt her:

- *Avfall*: kasserte løse gjenstandar eller stoff som nokon har kassert, har til hensikt å kassere eller er plikta å kassere. Etter dette vert m.a. ureina vatn som er særskild samla opp og meint for lovleg disponering annan stad, omfatta av avfallsregelverket.
- *Farleg avfall*: avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med ordinært avfall fordi det kan medføre alvorleg ureining eller fare for skade på menneske eller dyr.

I dette løyvet meiner ein farleg avfall som må klassifiserast som farleg etter definisjonen i § 11-2 i avfallsforskrifta, og som omfattar avfallstypar som Miljødirektoratet og Fylkesmannen har tilsyns ansvar for. Det vil seie at dette løyvet ikkje omfattar handtering av avfall i avfallskodane HP 1 (eksplosivt), HP 9 (smittefarleg, her gjeld reglane i forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv.) eller HP 15 (avfall som kan ha ein farleg eigenskap som er nemnd over, men som ikkje direkte framgår av det opprinnelege avfallet).

Avfall under HP 1 eller HP 15 kan høyre til følgjande klasser etter ADR¹⁰:

Klasse 1:	Eksplorative stoff o.l. (ansvar DSB, ev. politiet)
Klasse 4.2	Sjølvtennande stoff (ansvar DSB)
Klasse 5.2:	Organiske peroksid (ansvar DSB)
Klasse 7:	Radioaktive stoff (ansvar Statens strålevern)

- *Handtering av farleg avfall* er definert i § 11-3 i avfallsforskrifta som ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling av farleg avfall. Det omfattar også førebuing til og lagring medan ein ventar på gjenvinning eller sluttbehandling.
I vilkår 1 i dette løyvet er tillate handtering avgrensa til å omfatte handlingar som Fylkesmannen har rettsleg kompetanse til å gje løyve til. Verksemda må såleis sjølv avklare med DSB, politiet eller Statens Strålevern om eventuell handtering av avfall dei har tilsyns ansvar for.
- *Mottak*: eit tilbod, stasjonært eller mobilt, der avfallshavar kan levere farlig avfall.
I dette løyvet er "mottaket" det stasjonære anlegget på det nærare avgrensa arealet omtalt i løyvet.
- *Gjenvinning* er eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte material som elles ville verte brukt, eller at avfall er vorte forberedt til dette. Nærare omtale av kva for tiltak som kan reknast som nyttiggjering finn ein i vedlegg II i Parlaments- og Rådsdirektiv 08/98 EØS (Avfallsrammedirektivet).
- *Sluttbehandling*: kan omtalast som dei tiltaka som vert gjort med avfall som ikkje er gjenvinning, til vanleg deponering eller forbrenning utan – eller utan tilstrekkeleg - energiutnytting av avfall Dette løyveskrivet tillet også tiltak som sluttbehandling, t.d. førebuing til deponering av behandla avfall og ureina massar.

Med **skadedyr** meiner vi her både arter som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følgje av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknytning til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.

¹⁰ ADR: Europeisk avtale om internasjonal vegtransport av farleg gods. Styresmakt: Vegvesenet.

Med **framande artar** legg vi her til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial."

Dei omtalte risikokategoriane er SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no. Kategoriane SE og HI utgjør særleg stor risiko for stedleg biologisk mangfald, og er omtalt i Artsdatabanken som "svartlista" artar.

VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport

Føremål: Å informere tilsynet, kundar og nærmiljø om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvene etter kapittel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensningar og avfall). Opplysningane er offentleg tilgjengeleg så langt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegheitslova eller miljøinformasjonslova.

Rapporteringsform: tekst og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

1. Kort omtale av drifta siste året.
2. Totalmengd avfall som er motteke førre år, og delt etter type (jf. dei 4-sifra kodane i NS 9431). EAL-kode skal spesifiserast så langt råd – jamfør med ramma i løyvet.
3. Lagra avfall pr. 31.12, gruppert som under punkt 3.
4. Levert mengd, gruppert som under punkt 3, og mottakar av vidarelevert avfall. Omtal om verksemda handterer avfall utanom avfallsanlegget.
5. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder.
6. Oversikt over eventuelle skadelege artar og tiltak.
7. Omtale av førebyggjande tiltak, eventuelle unormale hendingar som kan gjelde ytre miljø.
8. Omtale av og eigen vurdering av informasjonstiltak (gjerne supplert med resultat av del feilsortert/manglande sortering av avfall av kundane, forsøk på feillevering, osv.).
9. Omtale av skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
10. Omtale av visuelle tilhøve som kan verke skjemma.
11. Vurdering av utbytting (substitusjon) av kjemikal med andre, mindre farlege kjemikal.